



Inger Lise Eidsvik trivest godt blant nissar, englar og anna fint i julebutikken.

**Alt før du kjem inn døra ser du at det er jul i Lises Krambu. På og rundt ingangsdøra og i vindauga er det pynta med julenek og annan julepynt. Inne i butikken er Inger Lise Eidsvik som eig krambua, omgitt nissar og englar i ulike variantar og storleikar, og mykje anna fint som pyntar opp til jul.**

Då eg var innom fredag føremiddag og spurde om det var travel juletrafikk i butikken, var svaret at det gjekk på det jamne.

- Eg har ein del uskedelingar som alltid har støtta opp, men det er stort sett utabygdarar som handlar her. Folk frå andre stader er overraska, og skryt voldsomt over kor mykje fint og billeg her er, fortel Inger Lise og viser fram den eine godbiten etter den andre. Og mykje fint har ho både i bruktavdelingen og i avdelingen for nye ting.

Ho har eit svært breitt vareutvalg så for dei som har problem med å finna julepresangar, er Lises Krambu ein god plass å gå. Ho har mellom anna eit stort utvalg i dukar, både juledukar og andre. Noko er flott handarbeid levert av lokale leverandørar. Nydelege bunadsting har ho òg.

- Og så har eg dei berømte fårepølsene og lefsene til Gerd, held ho fram medan eg også registrerer at ho sel både Uskedalsposten for Hobbyklubben og julenek for Damevennene.

I bruktavdelinga er det også mange flotte, gamle ting. Krambueigaren viser fram det eine gode kjøpet etter det andre.

Lises Krambu er ein kjekk julebutikk, sjølv om ferietida om sommaren er den tida Inger Lise likar best i butikken. - Då er det heilt fantastisk, avsluttar ho.



[Stilige sveivegrammofonar!](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.